



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 03.09.2014
Vår ref.: 2014/20439-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.: 14/4505 - 14/19649

Bygging av landbruksveg - Brunslandsvegen - Lindås kommune - kulturminnefagleg fråsegn

Vi syner til brev datert 29.08.14 med søknad om ombygging og nyanlegg av landbruksveg kl 4 på gnr 89 bnr 1 m.fl i Lindås kommune. Vegen har ei samla lengd på 400 m. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne som kan bli råka av den omsøkte vegen, vi har såleis ikkje vesentlege merknader i saka.

Vi ber om at ein tek omsyn til eventuelle kulturlandskapselement som steingardar, tufter, gamle ferdslevegar og liknande, slik at slike ikkje blir utsett for unødig skade og inngrep. Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og å straks melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med gjennomføring av tiltaket skulle støyte på funn av automatisk freda kulturminne, jf. § 8,2. ledd i kulturminnelova. Slike funn kan til dømes vere trekolkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar, gjenstandar og reiskapar av metall eller stein, m.m.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune - Nils Kalaas